

Informasjonsskriv

Til: Innbyggjarar i Lærdal kommune
Frå: Norsk institutt for vannforskning (NIVA), ved prosjektleiar Atle Hindar
Dato: 30.06.2011
Tema: Utryddelse av *Gyrodactylus salaris* i Lærdalselva med aluminiumsulfat

Bakgrunn

Etter fleire behandlingar, både med rotenon og aluminiumsulfat, er lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* dessverre framleis til stades i Lærdalsvassdraget. Etter vidareutvikling av AIS-metoden har Veterinærinstituttet no fått i oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning å gjennomføre ei utryddelsesbehandling av vassdraget med aluminiumsulfat (AIS) som hovudkjemikalium. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er tiltakshavar for prosjektet, medan Norsk institutt for vannforskning (NIVA) og Veterinærinstituttet står for planlegging og gjennomføring.

Kva er *G. salaris*?

G. salaris er ein parasitt som lever og formeirar seg på lakseungar i ferskvatn. Parasittane er i underkant av ein halv millimeter lange, og festar seg med krokar til huden på fisken. I sjøvatn dør parasitten raskt. *G. salaris* vart første gong påvist i Noreg på midten av 1970-talet, truleg som følgje av innførsel frå Sverige via smitta settefisk.

Korleis unngå spreining av *G. salaris*?

- Vask og sløy fisk på staden den er fanga
- Utstyr som har vore i bruk i eit infisert vassdrag skal desinfiserast før det brukast i eit anna vassdrag
- Utsetjing av fisk krev godkjenning frå Fylkesmannen
- All transport av fisk og vatn mellom vassdrag inneber risiko for spreining.

Når og korleis?

Behandlinga er planlagt gjennomført først frå 12. august til 28. august, deretter to veker pause og behandling igjen frå 12. september til 29. september. Utplassering av doseringsutstyr er planlagt å starte 1. august. Val av behandlingstidspunkt er basert på fleire faktorar der vassføring, vassstemperatur og fiskeåtferd har vore avgjerande.

AIS brukast til nedkjemping av *G. salaris* i område med rennande vatn. I avsnørde vassførekomstar vil det nyttast CFT-Legumin (rotenon) til å fjerne alle potensielle vertar for parasitten. Utdosering av AIS til hovudelva skjer frå store tankar (10 m³) i grøne konteinarar på elvebreidda. Ved Sjurhaugfoss blir svovelsyre tilsett frå ein stor glasfibertank som rommar 50 m³. Området rundt denne tanken er gjerda inn. I sideelver og bekkar brukast kvite plasttankar som rommar 1 m³ (IBC-tankar). Tankane inneheld aluminiumsulfat, som er svært etsande, og er merka.

I perioden frå 1. august til 8. oktober vil det vere stor aktivitet i vassdraget, med personell frå NIVA og Veterinærinstituttet, samt lokale folk som hjelper til. Vi skal styre doseringsutstyr, take vassprøver og følgje med på fisken og parasitten sin respons på behandlinga.

Kva er AIS og korleis verkar det?

AIS er ei sur aluminiumsløysing. Kjemikaliet brukast mellom anna til fjerning av humus frå drikkevatt og til å fjerne fosfat i kloakk.

Aluminiumsløysinga har svært låg pH og er etsande. Ein bør derfor unngå kontakt med den konsentrerte løysinga. Viss ein får kjemikaliet på seg, må ein skylje godt med vatn, sidan stoffet kan gje hol i klede og sår på huda om det får virke lenge. Viss ein får stoffet i augo, må det straks skyljast med vatn, og skyljinga må halde fram i minst 15 minutt. Kontakt lege ved etseskadar eller kjemikalier i augo.

Det er laga produktinformasjon og HMS-datablad, og dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen, NIVA og Veterinærinstituttet, sjå kontaktpersonar nedanfor.

Det er aluminium som i rett konsentrasjon er den verksame komponenten på *G. salaris*. Aluminium er òg giftig for fisk, men ved høgare konsentrasjonar. Parasitten har nemleg vist seg å vere meir kjensleg for aluminium enn det laks er, og dermed kan kjemikaliet nyttast til å fjerne *G. salaris* utan at fiskebestanden blir påverka i vesentleg negativ grad.

Er vatn tilsett aluminiumssulfat farleg for menneske og dyr?

Under behandlinga av eit vassdrag er konsentrasjonen av aluminium så låg at den ikkje fører til nokon helserisiko for menneske eller dyr, jf. også grenseverdier sett av Klima- og forureiningsdirektoratet, Klif).

Desse kan du kontakte viss du har spørsmål om behandlinga av Lærdalselva:

Tiltakshaver, som er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Gøsta Hagenlund: gh@fmsf.no, tlf. 57 65 50 00

Prosjektleder, som er NIVA v/Atle Hindar: hin@niva.no, tlf. 90 51 60 45.

Mattilsynet, tlf. 06040, Distriktskontoret for Indre Sogn, kan svare på spørsmål om sjukdomsfaglege og smittemessige tilhøve.